



AS Arkiton  
Arne Abelsen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3638 - 14/9905

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
25.04.2014

## Ferdigattest - gbnr 134/471 Hilland - bustad 17 - 21

Vi syner til søknad om ferdigattest forbustad 17-21 motteken, 22.04.2014.

### Vedtak:

Kommunen gjev med dette ferdigattest for ovannemnde tiltak, jf plan- og bygningslova § 21-10.

### Spesifikasjon.

Byggestad: 134/471  
Type tiltak: Rekkjehus  
Bygningsnr: Bygningsnummer er ikkje gitt per dags dato.  
Vedtak: Delegert sak behandla den 14.08.2013 i sak 2013/2692

Ferdigattesten vert gjeve etter søknad når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon og fråsegn ferdigstilling , jf byggesaksforskrifta § 8-1.

Ferdigattesten er ikkje ein stadfesting på bygget sin tekniske kvalitet, men ein stadfesting på bygningsstyresmaktene si avslutning av saka. Bygningen eller deler av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det som er fastsett i dei løyver som er gjevne tidlegare.

Det går fram av søknaden at tiltaket ikkje tilfredsstillar krava til ferdigattest. Det går fram av opplysningane at murkant v/veg 8 og langs kommunal veg ved bustad 17 er under ferdigstilling. I søknad om ferdigattest er det stadfesta at desse arbeida skal vere utført innan 06.05.2014. Dersom arbeida *ikkje* er ferdig innan fristen, vert ferdigattest vurdert trekt tilbake. Kommunen vil foreta synfaring.

Kommunen har ikkje registrert avvik i innsendte teikningsmateriale i forhold til tidlegare gjevne løyver. Vi gjer merksam på at eventuelle avvik ikkje er godkjent som følgje av dette vedtak.

Ein føreset at vilkåra for ferdigattest gjeve i rammeløyve av 14.08.2013 og vilkår i endringsløyver er stetta.

### Klagerett



Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Plett AS

Fagernes 4

5043

BERGEN

**Mottakarar:**  
AS Arkiton